



SOGN OG FJORDANE FISKARLAG

FISKERNES HUS

Postboks 173 – 6701 Måløy

Norges Fiskarlags Servicekontor AS,
avd. Sogn og Fjordane

Telefon: 57 85 39 99

Telefax: 57 85 39 90

Mobil: 951 95 294

Bankgiro: 6554.10.09900

Norges Fiskarlag,

Boks 1233 – Sluppen,

7462 Trondheim.

Att.: Jan Birger Jørgensen

Ark.: 5.0.

23. oktober 2012

Arbeidsutvalet i Sogn og Fjordane Fiskarlag har på møte 22.10.12 handsama minstemål for sei nord og sør for 62°N, og følgjande vedtak vart fatta:

AU-sak 11/12- Minstemål på sei nord og sør for 62°N.

Sak motteken fra Norges Fiskarlag datert 16.10.12 med høringsfrist 12.11.12.

Saka har vore utsendt til lokallaga og alle har reagert negativt på den. Styret i Askvoll Fiskarlag har kome med følgjande uttale til fylkeslaget:

Minstemål på sei

Viser til høringsnotat vedr. minstemål på sei nord og sør for 62gr. N av 16.10.12

Askvoll Fiskarlag er svært negative til å heve minstemålet på sei, og meiner dette bør være heilt uaktuelt.

I vårt område kjem dette til å få store konsekvensar for sysselsetting og verdiskaping både på land og sjø. Det vil bety at fiske etter sei med not sør for 62gr N blir umogeleg, og såleis tek slutt. Følgjene blir at driftsgrunnlaget for båtane blir mykje redusert, og grunnlaget for t.d Balandet Fiskeindustri vil bli borte. Dette betyr at ei lønnsom hjørnestensbedrift, den siste i sitt slag sør for Stadt, blir lagt ned. Det vil også bli veldig vanskeleg å utføre eit effektivt fiske nord for 62gr N med eit auka minstemål, og konsekvensane vil også der bli store både for fartøy og fiskeindustri.

Seien som blir fanga med not langs norskekysten, er tilgjengeleg på dei ytterste havskallane i ein liten periode av livssyklusen: Gytinga foregår i havet, larvane driv inn mot kysten, og seien trekker utover mot havet etter kvart som han veks. Han er såleis tilgjengeleg for notfiske når han er ca 30-40cm, noko større i nord. Når han blir større enn dette trekkjer han vidare ut på djupet, og er såleis ikkje tilgjengeleg for notfiske. I Nordland var minstemålet 40 cm frå 80-talet til 2009. Det vart då fanga lite notsei, då denne heile tida var litt for liten. I 2009 vart området med minstemål lik 35cm utvida nordover til Træna, og det har etter dette vore fanga betydelege kvantum. Dette viser at eit auka minstemål gjer notfiske umogeleg.

Dei foreslårte endringane er såleis i praksis eit forbud mot notfiske av sei.

Askvoll Fiskarlag tykkjer ikkje det er rett å stenge ute ei heil flåtegruppe frå eit tradisjonsrikt fiskeri.

Vi ser på desse endringane som eit forsøk på omfordele ressursar frå kystnotflåten til andre flåtegrupper, og meiner dette er feil då fordelingane mellom flåtegruppene skal ligge fast.

Minstemålet på notsei har vore stort sett uendra i ei årrekke, og vi har i denne perioden sett at både bestand og fangstmønster har hatt store svingningar uavhengig av minstemål. Vi ser såleis ikkje på minstemål som noko godt virkemiddel for regulering av sei.

Om bestanden går ned, meiner vi at reduserte kvotar for alle flåtegrupper er den mest rettferdige veien å gå.

Sei fanga med not blir fanga med lave driftsutgifter og små miljøutslepp. Den blir levert rund til bedrifter i små samfunn som produserer produkt ferdig, eller tilnærma ferdig, til forbrukar. Det er såleis eit miljøvennlig produkt der ein stor del av verdikjeden ligg att i lokalsamfunna. Produkt til innenlandsmarkedet kan med rette merkast med kortreist. Til utlandet eksporterar vi til marked som etterspør desse spesielle produkta, og markeda blir såleis borte om vi ikkje kan leverere.

Askvoll Fiskarlag tykkjer at høringsnotatet er påfallande einsidig negativt til notfiske etter sei. Vi meiner at om det er behov for endra regulering av seifisket, så må ein vurdere heile



SGN OG FJORDANE FISKARLAG

FISKERNES HUS

Postboks 173 – 6701 Måløy

Norges Fiskarlags Servicekontor AS,
avd. Sogn og Fjordane

Telefon: 57 85 39 99

Telefax: 57 85 39 90

Mobil: 951 95 294

Bankgiro: 6554.10.09900

beskatningsmønsteret og påvirkinga frå alle flåtegruppene, slik at ein får eit heilskapeleg bilde av situasjonen før ein tek grep. Slike radikale endringar i reguleringane er også svært lite foreneleg med ynskje om stabilitet og forutsigbarheit i fiskeria.

I Sogn og Fjordane har vi ein kystnotflåte som i høg grad har spesialisert seg på fiske av sei med not. Dette er eit fiske som har vore drive på spesielle fiskeplassar i generasjonar. For denne flåten er fisket etter notsei ein viktig del av driftsgrunnlaget, og for båtar med skiftordning er det ikkje grunnlag for så mykje mannskap utan notsei. Vi taper såleis gode og viktige arbeidsplassar. Rederi som investerer for framtida i den tru at notseien skal vere ein del av drifta, møter store utfordringar om delar av driftsgrunnlaget blir borte.

Langs kysten har vi også eindel fiskeindustribedrifter som har spesialisert seg på mottak av notsei. For desse er notsei ein avgjerande del av driftsgrunnlaget, og uten notsei blir sårt tiltrengte arbeidsplassar i små samfunn borte. Det kan også bli store problem t.d. for sjarkflåten å få leve når mottaka blir borte p.g.a at driftsgrunnlaget blir for lite.

I det store og heile ser vi at dei foreslårte endringane kjem til å få store konsekvensar og ringverknadar langs kysten, og tek vekk livsgrunnlaget for dei lokalsamfunna som er avhengige av notseien. Når ein ser dette opp mot ein mogeleg gevinst som er å auke det totale uttaket av sei, ein art som vi dei siste åra ikkje har klart å fiske totalkvoten av, så blir det heile meiningslaust. Vi er heller ikkje så sikre på at det totale uttaket blir større av å fange sei kun med andre redskap.

Askvoll Fiskarlag vil at ein ser på alternative måtar å auke seibestanden. Vi må då sjå på heile beskatningsmønsteret, og prøve å treffe tiltak som er mest mogeleg rettferdige, og både rammar alle flåtegrupper minst mogeleg, og at ein auke i bestanden kjem alle til gode. Kanskje ein skal frede nokre gytefelt?

VEDTAK:

Arbeidsutvalet i Sogn og Fjordane Fiskarlag krev at saka kjem opp på førstkommande Landsstyremøte i Norges Fiskarlag. Vi kan ikkje godta at minstemålet blir auka fordi kystnotfisket blir rasert. Denne gruppa har ca. 30% av årsinntekta si på dette fisket, og er med i alle kalkyler for kystnotfartøy.

Ringverknadane på filetindustrien langs kysten blir også råka ved at kystsamfunn som Bulandet og Kalvåg og andre bedrifter langs heile norske- kysten står i fare for å måtte stengje dørene. Dette går då også ut over fiskemottak for anna kystfisk, det vil seie for den minste sjarkflåten langs heile kysten.

Arbeidsutvalet i Sogn og Fjordane krev derfor at Norges Fiskarlag anbefaler og finn eit meir rettferdig beskatningsmønster ved forsiktig kvotereduksjon for alle flåtegrupper.

Med helsing
Sogn og Fjordane Fiskarlag

Oddmund Kvalheim

Oddmund Kvalheim
avd.leiar

Kopi: Jan Skjervø/Reidar Nilsen
Fiskeri- Kystdep./Fiskeridir.
Styret i SFF/Nils Myklebust